



Fv. 64 Gang- og sykkelveg Bådalen-Vebenstad

Gang- og sykkelvegen skal gå langs nordsida av fv. 64 mellom Bae og Bodalen friskule. Strekninga er om lag 1 km lang og har ein gjennomsnittleg trafikk på 2800 bilar i døgnet. Inkludert i prosjektet er ei gangbru over Bådalselva, utbetring/tilpassing av busslommene og utbetring av krysset mellom fv. 64 og fv. 6084 Nedalsveien. Den nye gang- og sykkelvegen skal legge til rette for at mjuke trafikantar skal kunne ferdast trygt på strekninga og at fleire går og syklar i staden for å køyre bil.

Gjennomføringa skjer i tre fasar:

1. Prosjektering (byggeplanlegging)

Prosjekteringa av eit slik prosjekt tar normalt om lag seks månader. Dette prosjektet har både ein brukkonstruksjon og utfordrande grunnforhold, som gjer prosjekteringa meir omfattande. Møre og Romsdal fylkeskommune har inngått avtale med Norconsult (konsulent/rådgivningsfirma) som skal utarbeide byggeplanen.

Ein slik plan inneholder detaljplanlegging av alle fagfelt, som til dømes kvar røyr og leidningar skal ligge i bakken, korleis vatn skal handterast, og sjølve utforminga av prosjektet slik at det blir ein trygg gang- og sykkelveg med lang levetid. Brukonstruksjonen krev planleggingstid, spesielt for å velje rett fundamentering for grunnforholda.

I arbeidet med reguleringsplan vart det gjennomført grunnundersøkingar som viser at det er krevjande grunnforhold, mellom anna med kvikkleire, fleire stadars langs strekningen. Vi tar grunnforholda på største alvor, og det er behov for fleire grunnundersøkingar for å kartlegge omfanget. Dette kan auke arbeidsomfanget i både prosjekteringsfasen og byggefase, og er forhold som Møre og Romsdal fylkeskommune ikkje rår over.

Det er høg aktivitet i anleggsmarknaden, som påverkar kapasiteten i konsulentbransjen. På enkelte fagområde er bestillingstida fleire månader, det gjeld spesielt på geoteknikk og konstruksjon. Norconsult startar prosjekteringa i august-2022 og skal levere byggeplanen i april-2023.

2. Anskaffing

Parallelt med prosjekteringa, vil fylkeskommunen arbeide med konkurransegrunnlag for utlysing. Når byggeplan er klar frå konsulent, blir prosjektet lyst ut i marknaden. Anskaffing av entreprenør til ei utføringsentreprise tek normalt tre månader frå utlysing til byggestart.

3. Bygging

Byggetida for dette prosjektet vil vere rundt eit år og planen er at gang- og sykkelvegen skal vere klar til skulestart hausten-2024.

Informasjon

Vi ønskjer god dialog med naboar, skulen, foreldre og andre som skal bruke gang- og sykkelvegen. Når vi har kome så langt i prosjekteringen at vi kan presentere løysingar og framdrift, kjem vi til å halde eit ope informasjonsmøte for alle interesserte.

Når vi startar bygginga, kjem vi til å kontakte skulen med ønske om å få besøke skulen og elevane, saman med entreprenøren som skal bygge gang- og sykkelvegen. Hensikten er å auke kunnskapen om trafikktryggleik når det er eit anleggsområde nær skulen.

Spørsmål kan rettast til:

Prosjektleiar Solgunn Langlo, tlf: 478 98 683 e-post: solgunn.langlo@mrfylke.no